

# Bokn Bygdablad

Nr. 2 mars 2011 – Årg. 26



Jakten på havets sølv – s. 4



Jubileum – s. 9



Internasjonalt – s. 12



Språkbesøk – s. 18



[www.bygdabladet.no](http://www.bygdabladet.no)

KJEKT PÅ BOKN



# Bokn Bygdablad

[www.bygdabladet.no](http://www.bygdabladet.no) - post@bygdabladet.no

Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Bladet kjem ut 10 gonger i året. Frist for innlevering av stoff er etter avtale med redaktøren.

Eit abonnement (papir eller PDF) kostar kr. 350,- pr. år, 500,- for både papir og PDF. Abonnementa er gratis for bortebuande skuleelevar og studentar.

**Redaktør:** Jardar Havikbotn, tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08  
E-post: jardar.havikbotn@bokn.kommune.no/post@bygdabladet.no

**Medarbeidarar:** Annette Bokneberg/Gro Sørensen

**Bygdabladnemnd**

Johannes Nilsen  
Ellen Nedrebø  
Lars Norekvål

**Foto, omslag:**  
Stephan Haram

**Gjeldande annonseprisar (netto)**

Heilside	kr. 625,-
Halvside	kr. 375,-
Kvartsida	kr. 188,-
1/8 side	kr. 125,-
Privatann.	kr. 63,-
Fast-/fargeann.	etter avtale



## STORT FRAMSIDEBILDE:

Frå Sandvika - Jakten på havets sølv, sjå også s. 4

Foto: Bør Åge Øvrebo



## RDFØRAREN RDET

### Kjære sambygding

#### Rekruttering til lokale lister

I Noreg har dei lokale vallistene fram til no vore eit fast innslag i lokalpolitikken. Sist kommuneval minka det likevel på kor mange slike lister som stilte til val. Fristen for innlevering av listeforslag til haustens kommune- og fylkestingsval er 31. mars. Det er gildt å sjå at lokalpartia i Bokn har jobba godt med nominasjonen og at alle dei fire partia som er representerte i kommunestyret har levert lister.

Dei politiske partia utgjer grunnsteinane i det representative demokratiet både nasjonalt og lokalt og er sentrale arenaer for politisk deltaking. Vegen inn i politikken, lokalt, regionalt og nasjonalt, går for det meste gjennom dei politiske partia. Kommunepartia er ein av grunnpilarane i demokratiet. Aktive kommuneparti er ein føresetnad for eit velfungerande demokrati, også i kommunen vår.

Over heile landet har ein dei siste åra slite med å rekruttera listekandidatar og medlemer og dei aktive vert stadig færre. I Bokn har partia jobba fram listeforslag som er godt balanserte både når det gjeld alder, kjønn, profesjon og sosial bakgrunn. I tillegg er dei fleste delane av Bokn dekkja opp med kandidatar. Den sosiale bakgrunnen til dei folkevalde er viktig fordi det seier noko om korleis det representative demokratiet fungerar. Dersom det er ønskjeleg å sikra at erfaringane frå ulike grupper vert lagt vekt på i den politiske debatten, vil det bli vesentleg å få folk frå desse gruppane inn i folke-

valde organa.

Utfordringa i Bokn og andre kommunar, er å få innvandrarar med ikkje-vestleg bakgrunn med på listene og i det heile å få dei til å bruka røystretten. Dei same undersøkingane viser også at i dei kommunane der ikkje-vestlege innvandrarar er med i kommunestyra eller står på vallistene, er valdeltakinga for denne veljar-kategorien høgare enn i andre kommunar. Partia har dei komande åra ei utfordring med å få også desse gruppane representerte i lokalpolitikken. Mykje tydar på at fleire innvandrarar på listene stimulerar til høgare valdeltaking.

Det flotte med å bu i ein liten kommune, er at kvar einskild i større grad enn i større kommunar har høve til å påverka lokalmiljøet sitt. Kvar einskild tel med på ein annan måte enn der ein forsvinn i massane. Ved å ta aktivt del i bygdepolitikken, kan du gje deg og dine eit betre nærsamfunn. Dette er ein rett og ein spesiell mulighet i den vesle kommunen vår – bruk han!

#### Strandsoneforvaltning

Det har vore eit generelt byggeforbod i 100-metersbeltet langs sjøen heilt sidan 1965. I ny plan- og bygningslov som trådte i kraft 1. juli 2009, blei forbodet og reglane om dispensasjon strama inn. I samband med lovarbeidet forutsatte Regjeringa og Stortinget at det skulle utarbeidast retningslinjer om differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen.

Regjeringa vedtok fredag 25. mars statlege planretningslinjer for strand-

sona langs sjøen. Hensikten er å sikra at lokal praksis blir i samsvar med nasjonale mål for strandsona. I denne samanhengen ble Regjeringa sin konklusjon når det gjeld ny lov for 100-meters beltet, ei oppmjuking i forhold til forslaget for mellom anna Bokn kommune og ni andre kommunar i fylket.

Det nye er at landet blir delt inn i tre ulike kategoriar, der kategori ein er den strengaste, mens kategori tre omfattar område med mindre press på areala, og der ein lettare kan gje unntak frå byggeforbodet og det vil bli gitt større rom for å vurdera utbygging gjennom kommunale planar.

Det var gledeleg, og viktig, at Bokn kommune blei plassert i kategori tre, som ein av to kommunar på Haugalandet. Det er stor forskjell på tilhøva rundt Oslofjorden og i kyststroka i Rogaland, men med dei nye retningslinjene blir kommunane gitt større fridom og meir sjølvstyre i utviklinga av strandsona, og dermed sikrar ein mulighetene for utvikling i distrikta. Framleis er det slik at byggeforbodet i 100-metersonen skal gjelde over heile landet, men det skal altså praktiserast med større lokal tilpasning enn i dag.

Det gjenstår å sjå kva dette i praksis inneber for kommunen vår, men eg vil tru me har eit godt utgangspunkt i forhold til nabokommunane våre og eg håpar at dei nye retningslinjene blir eit føremønn for Bokn i arealplanlegginga framover.

Ordføraren



**VAL**

# Innkommne listeforslag til kommunestyrevalet i Bokn kommune for perioden 2011 – 2015



## Bokn Arbeidarparti

1. X Kyrre Lindanger
2. X Anne Løvereide Faye
3. Arne Hosaas
4. Unni W.W. Høivik
5. Odd Kenneth Tollaksen
6. Christine Berge-Christiansen
7. Kjetil Eivind Hamre
8. Marie Løvoll Faye
9. Gunnar Solberg
10. Rita Bokneberg
11. Børト Åge Øvrebo
12. Solrun Anette Ognøy
13. Ronny Taraldlien



## Bokn Kristeleg Folkeparti

1. X Oddvar Hognaland
2. X Sigmund Alvestad
3. X Anette Lundervold
4. Torstein Alvestad
5. Odd Grønnestad
6. Ingrid Blikshavn
7. Arthur Alvestad
8. Jorunn Larsen



## Bokn Høyre

1. Lars Norekvål
2. Ann Jeanette Sunde Olaussen
3. Gunnar Emil Bokneberg
4. Eiliv Lokna Staalesen
5. Olav Georg Larsen
6. Kerstin Larsen
7. Christian Botolf Knutsen
8. Edgar Våge
9. Sonja Jofrid Mikkelsen
10. Olav Iande Rossebø
11. Einar Tore Øvrebo
12. Kurt Jøsang
13. Tore Lund
14. Martin Trosnavåg
15. Anne Mette Jøsang
16. Onar Alvestad



## Bokn Senterparti

1. Tormod Våga
2. Hanne Marte Vatnaland
3. Trond Nedrebø
4. May Jorunn Vatnaland
5. Osmund S. Våga
6. Johannes Nilssen
7. Emilie M Eikje
8. Harry Vågshaug
9. Daghild G. Alvestad
10. Kjell Frode Lie
11. Anita Kro
12. Magne J. Ognøy
13. Vilhelm Våge
14. Anbjørn Bokneberg



## Kommunestyremøtet 1. mars



### Sak 002/11

#### Startlån og tilskott for 2011

##### Kommunestyret vedtok:

samråystes å ta opp startlån frå Husbanken for vidare tildeling med kr 1.000.000,-

### Kommunestyret vedtok:

samråystes med nokre endringar ble ROS analysen for Bokn kommune vedtatt å kunne legges til grunn for kommunen sin beredskapsplan og innpasses i kommuneplanen sine målsetjingar.

### Sak 003/11

#### Stillingar i skulen i 2011

##### Kommunestyret vedtok:

samråystes rammer for grunnbemanninga i grunnskulen i Bokn for 2011.

### Sak 006/11

#### Avtale om ansvarlig lån mellom Haugaland Kraft AS som låntaker og Bokn kommune som långiver.

##### Kommunestyret vedtok:

Rådmannen si innstilling vart samråystes vedtatt.

### Sak 004/11

#### Betalingssatsar SFO 1 august 2011

##### Kommunestyret vedtok:

samråystes betalingssatsar SFO frå 010.8.2011.

### Sak 007/11

#### Endring av selskapsavtale for Krisesenteret Vest IKS.

##### Kommunestyret vedtok:

det blei vedtatt samråystes å endra selskapsavtalen for Krisesenter Vest IKS med endring av fordelingsprosent for Vindafjord.

### Sak 005/11

#### ROSanalyse for Bokn kommune

### Sak 008/10

#### Meldingssake.

Kommunestyret vedtok samråystes å ta meldingssakene til etterretning.



# Jakten på havets sølv

Kari Hetland



**Bokn er i sentrum på flere områder i dagens mediaomtale. Det gjelder også årets sildeeventyr som har sin base i Bokn.**

De lå tett og de var mange. Båter fra mange målføre og steder i vårt langstrakte land. De kom fra Tromsø, Oslofjorden, Sognefjorden og Børmlø. Bortimot 15 bruk lå til kai i Føresvik.

etter havets sølv, silda.

## Midt i leia

Bokn Bygdablad traff noen som var våknet av søvnen etter nattens arbeid om bord.

- Bokn ligger midt i leia og er sentrum for alt sildafisket akkurat nå, kunne Jarle Onarheim, eier av *Floni* fra Børmlø fortelle.



Nota klar for kveldens og nattens fangst.

Det var stilt i båtene, kun en radio spilte lavmælt fra en liten sjark. Gjenom vinduet kunne skimtes kryssord og briller. Tidtrøye i ventetiden før fiskeren igjen kunne dra ut på jakt

Båtene til kai var på jakt og fulgte sildas vandrings.

- Noen er ferdige, har fylt opp kvoten og dratt hjem, andre har satt kursen nordover på torskefisket. Andre har

dratt innover fjorden til Tysvær og noen har som oss valgt å være stasjonert videre i Føresvik, sier Onarheim. Han blir stoppet på kaien av kollega Jacob Ytterøy som har kommet fra Ytre Sognefjorden på jakt etter sild. Erfaringer og tips blir utvekslet mellom karene. De forteller videre at klokka seks i kveld er det igjen tid for å legge ut fra kai. Nøtene ligger klar i bauen.



Sildfiskere, tv. Jacob Ytterøy, Ytre Sognefjorden og Jarle Onarheim, Børmlø.

Flere fiskere kommer ut av båtene på kaien. Noen på veg til butikken og noen med Coop-poser i hånden. De har handlet og bidratt til økt omsetning på nærbutikken. Hilsen og ord veksles i forbifarten.

## Følger silda

En av mannskapet på *Fyrholm* kommer gående på kaien. Fiskeren forteller at båten er på 70 fot og er 20 m lang, og at det følger spenning med sildafiske.

- Vi følger silda. Den vandrer opp og ned langs kysten. Fisker den med nota og fører den over i lás (pose). I påvente av brønnbåt som frakter den levende videre til mottak. Den minste lásen kan være på 30 tonn og den største 200 tonn, forteller fiskeren, og peker på den største båten til kai, *Fyrholm* av Børmlø.

Men det har vært større båter nylig i Føresvik. Den største var på 90 fot og 15 m, blir det opplyst. Fiskeren forteller at sildafangst er blitt levert til mottakene *Norway Pelagic*, *Fosnavåg Seafood*, og *Skude Fryseri*. Noen har også levert direkte, men silda blir oftest satt over i lás.

- Du må være der når det skjer. Da er det ikke tid til direkte levering på mottak. Det har vært et godt sildafiske i år. I fjor var jobben for min del over på to uker i Yrkjefjorden. Da var kvoten tatt, forteller han, før han, som flere andre, går mot nærbutikken.

Sildafisket går i en runddans. Fiskeren setter kursen igjen mot kaien i Føres-



Tre fiskere i god prat på kaien. Bokns egen Finn Magnus Alvestad th.



Jacob Vågshaug røyker sild.

vik når nattens fangst er satt over i lås. Han kryper til køys når det lysner av dag. Slik går dager og netter til kvoten er fylt og årets sildeeventyr igjen er over. Da blir kaien igjen like stille som når fiskerne sover.

#### **Verdifull matauk**

Vårsildefisket er et begrep og en hendelse som får den eldre generasjonen til å tenke tilbake på hvor viktig silda var for folk. Den var en verdifull matauk som kunne bety et være eller ikke være for familiene. Bygdabladet har snakket med en av Bokns lokale fiskere, Jacob Vågshaug som har fisket sild fra Bokn i mange år.

Han fortalte om sildafisket sin betydning for boknasamfunnet.

– Mesteparten av mannfolka reiste på sildafisket. Like til mørrekysten og ned til Skudesnes. Vi fulgte silda, sa

#### Vågshaug.

Da husbonden reiste felt det mye arbeid på kona som var igjen hjemme. Det kunne gå flere uker før han var tilbake. Dyrene på gården skulle ha vann og stell. Barna krevde også sitt, men de måtte tidlig ta et tak for at det skulle gå rundt mens faren var borte.

#### **Stor økonomisk betydning**

Fikk husbonden muligheten så var jobben på sildafisket av stor betydning for familiens økonomi resten av året. Sild ble til hjemmebruk, røkt, salta, og tørka ute opp under taket på hus og løe. Slik noen gjør også i dag.

I samtalene ble det også snakket om andre måter å anvende silda på. Før var det også vanlig å lage sildakaker eller sildasodd (suppe).

Sildakakene ble laget av malt sild, utformet som farse og stekt som fiske-

## Kippers på flatbrød

Denne beinfrie, røkte sildefileten smaker godt både rett fra boksen eller servert på flatbrød sammen med rømme, løk og dill.

#### **Du trenger:**

1 boks kippers  
Godt flatbrød eller rugbrød  
1/2 beger seterrømme  
1 rødløk i tynne skiver  
Dill  
Nykvernet sort pepper

#### **Slik gjør du:**

- Start med å skjære rødløken i tynne skiver. Ikke finhakk, for smaken på løken blir litt annerledes og bedre med tynne skiver eller ringer.
- Vend løken inn i rømmen, og kvern over godt med sort pepper.
- Fordel litt av rømmen på biter av flatbrød eller rugbrød, legg et stykke kippers på hvert flatbrød og pynt med dill.

Det er også kjent at sild er en topp kilde til Omega-3-fettsyrer og naturlig rik på D-vitamin. Oppfordringen blir derfor å ikke bare spise sild "for å bli snill", men fordi du trenger det.

kaker. Sildasodd med sild, potet, gulrøtter, litt kålrot og en neve havregryn i tilslutt. Dette var mat som rakk langt og var mettende til en stor familie. I krigsårene var silda av stor betydning for folk i Bokn.

Tidligere var det hermetikfabrikk i Føresvik. Her ble silda foredlet til Kippers, avslutter Vågshaug. Kippers kan kjøpes i butikk i dag. Silda er flekt, røkt og lagt i hermetikkboks.

## Ei sild - og ei til Bokn og silda

Birger Lindanger



#### **Vår Herres straff?**

Silda har til alle tider vore ein lunefull gjest ved boknastrendene. Truleg dreiv boknarane, saman med kanskje tusen mann som budde i fjøremannsbuene sildefiske alt kring 400 e.Kr. Alt for over tusen år sidan kunne silda periodevis dukka opp for sidan à svinna. Etter at ho hadde vitja Bokn fast sidan 1728, forsvann ho på ny i 1785. Boknarane for-tvila og meinte det var Vår Herres straffedom fordi dei var så fæle til å slåst og drikka i Skudeneshavn.

Garna hang unytta i nausta til dei morkna. Då silda kom att i 1808, gjekk det fleire år

før dei hadde på plass brukbar reiskap. Kunne ein eigentleg stola på denne lunefulle skapningen? Dessutan herja napoleonskrigane. I 1814 blei hamnene opna att og frå denne tida tok sildefisket frå Bokn seg raskt opp att.

#### **Frå sild i salt til rett i dass**

Denne sildeepoken vara til i 1871. Dette var ei blømingstid for boknarane som reiste fleire sildesalteri og starta eksport av sild til utlandet. Lengst framme i dette sto brørne Ola Larsen i Kro og Mons Larsen i Føresvik som begge reiste svære sildesalteri og eksporterte sild på egen kjøl til Østersjø-

havnene. Sildesalteriet i Kro står framleis den dag i dag medan salteriet i Føresvik fekk etterbruk som hermetikk- og septikk-tankfabrikk. Kanalen i Sunnlandsstrumen er frå slutten av denne perioden. Andre minnesmerke er store våningshus spesialbygde til å leiga ut overnattingskoyer på loftet. Eksempel er heimehus på Loden og Laupland.

Då silda forsvann frå Bokn, søkte mange boknarar med Mons Larsen i spissen etter henne både til Kinn, Nordland og til Island. Frå 1882 starta dei jamvel kvalfangst ved Island.



#### Frå åre til motor

I 1884 kom silda att. Kvar haust skulle då boknarane rusta ut ein heil ekspedisjon etter havets sylv. Kvinnene hadde sine oppgåver: flatbrød, potekaka, mjølk, smør, ost, syrekaker, salt, kjøt og flesk, ein dunk mort, salta torsk og sei og fururøter til å fyra med. Gjennom lange haustkveldar var det å kara, spinna og spøta klede til fiskarane. Dessutan laut oljekleda gjerast klare.

Det vanlege var at det var fem mann på båten. Fire mann rodde medan hovedmannen styrte og skota med ei lettare åre. Og alle vaksne, friske mannfolk, jamvel lærarane, drog på sildefiske. Om bord låg det 20 garn som skulle setjast. Mot slutten av fisket trekte silda nordover mot Espevær før ho stakk til havs att. Når så fisket var slutt, var dei fleste boknarane innom Haugesund på vegen heim for å få handla med seg kjoletøy og anna som trongst heime. Vel heime var det å gjera båtane skikkeleg reine og få dei i naust. Garn og liner la dei over steinrøyser og gjerde til tørk. Sidan blei dei gamle settet til å bøta på dei skadane som måtte vera.

For boknarfiskarane innebar overgangen til motor mykje av ein revolusjon. Dei fyreste

motorbåtane kom hit kring 1910 og i løpet av dei neste ti år var dei blitt allemanns eige. I 1921 var det alt 38 motorbåtar i kommunen.

#### Sild til hevd

Bokn var ein sentral stad for vårsildfisket. I 1910 blei det drege 363.000 hektoliter sild i Rogaland, tredjeparten henta dei ved Bokn! Sjølve glansåra fall under 1. verdskrig. Krigen dreiv prisane i veret frå - omrekna i 2011- verdi-115 kroner hektoliteren i 1914, 272 kroner året etter og heile 3.500 kroner i 1916. På kvar fiskar fall det nær 100.000 kroner for eit par vintermånadar.

Etter krigen kom tilbakesлага. I 1921 var dei nede i 30 kroner hektoliteren og i 1933 var dei framleis ikkje komme høgare enn rundt 50 kroner hektoliteren. Prisane var så ringe at på det verste blei silda bruks til gjødsel på åkrane. Stundom gav fiskarane gav bare opp og drog heim frå fisket.

#### Den personlige energi og tiltaksevne

Krisa fekk fiskarane til å organisera seg. Bokn danna fiskarlag kring 1918 medan Rogaland fylkesfiskarlag kom i 1919. Det skulle arbeida for fiskarane sine interesse med skolering, t.d. navigasjonskurs, betre ham-

ner, betre marknadsføring og betre mottaksapparat. Krisetidene krevde også eit sildesalslag som kunne verka for marknadsføring og høgare priser. I desember 1928 blei difor Vår- og Storsildlaget skipa. Alle dei 27 båtlaga med kring 140 fiskarar i Bokn blei etter kvart melde inn. I starten var det murring over måten innmeldinga var gjort på. Mellom anna fekk mange som ikkje rakk å meld-a seg inn fyrste vinteren, ikkje levert last.

Boknarane arrangerte difor torsdag 18. april 1929 møte der alle båtlaga i bygda tok del. Sigvald Loden opna møtet og blei vald til ordstyrar. Han mente at laget var skipa på feil grunnlag og at boknafiskarane burde melda seg ut og fekk sterkt støtte mellom anna Magnus Are, Otto Alvestad, Tomas Bryningsland, Aanen Øvrebo og Laurits Aksdal. Den siste hevda at laget hadde øydelagt den personlige energi og tiltaksevne. Alle båtlaga vedtok difor samråystes å melda seg ut or laget.

Dette førte til intens diplomatisk verksemder fiskeristatsråden var sentral som meglar. Men den som framfor nokon bygde bru, var boknaordføraren, Elisæus Vatnaland. Sidan blei han ein sentral tillitsvald i laget, var også mellom arkitektane bak skipinga av Noregs sildesalslag i 1936 og fekk stilling som fiskeriinspektør. Det var elles sildesalslaget som fekk lagt ut telefonline og bygd vassforsyning i Drevsund. Restar etter desse anlegga ligg der framleis i dag.

Under blokaden under krigen var silda mest livsviktig. I etterkrigstida var sildefisket viktig fram til ho blei overfiska og forsvann att i 1968. Gjennom freding og regulering av fisket kom bestanden gradvis til hektene att slik at det utover på 2000-talet på ny var sild å få.

Alle biletene er frå sildastenget i Trosnåvåg vinteren 1945.



# Sild med Sibelius



16. mars var silda i fokus i Auditoriet, då Sildakongen møtte Munor-ensemplet. Dessverre var det få som fekk med seg denne minnrike stunda, som gjekk føre seg i improvisasjonens teikn.

Sjølv om det var sildetid aldri så mykje, og ingen konkurrerande arrangement den kvelden, var det glissent i stolradene i amfiet på skulen.

- E eg så upopulere, sa Sildakongen, og slo ut med armane då han kom, før han handhelste på dei åtte som hadde møtt opp.

Då hadde han vore på sightseeing i Føresvik, m.a. på Coop Marknad Bokn, som han trudde hadde ope til kl. 20.00. Sildabordet fekk poteter og brød for det, noko butikktilsett Bodil Bryningsland sørga for. Stor takk!



Fv: Bernhard Gismervik, Marina Johansson og Arild Halvorsen i aksjon.

## Sibelius

Munor-ensemplet (gamle *Fylkesmusikarane*) måtte også improvisera med sitt program, då cellisten deira, Tobias Tellmann var blitt sjuk. Det meste av repertoaret med musikk av Jean Sibelius blei framført for det, med *Valse Triste* og *Finlandia* som dei meste kjende verkene. Sistnemnde verk ville den fiske komponistene gjerne bli berømt for, og Munor-ensemplet sin svenske pianist, Marina Johansson, las opp (på finsk-svensk) deler av eit brev der Sibelius fortalte om draumen sin.

## Folketalar

Sildakongen Arvid Otto Mørch, som kommersielt ikkje kan bruka ordet Sildakongen lenger, og som no har ordet Sildenskiold på etikettane, veksla med musikarane om å ha merksemda under arrangementet. Underteikna fekk ikkje så mykje med seg av innhaldet, poteine måtte jo kokast til sildabordet, og etterpå skulle det vaskast opp. Violinist

# Ein koseleg kveld

Jardar Havikbotn



Bernhard Gismervik fortel at dei som regel må stoppa folketalaren på desse konsertane, dersom dei skal få koma gjennom det oppsette repertoaret.

For den originale sildeambassadøren sparte seg ikkje sjølv med få tilhøyraar, og preika i sin kjent stil om sildetida, folket sitt liv under harde kår og silda si betydning for heile det vestnorske samfunnet - både under programmet og i pausen då maten skulle fortærast.

## Sild og kultur

Sildabordet bestod ikkje berre av sild i ulike variantar, men også røyke- og peparmakrell. Karmøybuen fortalte at han hadde med seg mat til 100 stk. og vel så det, så her var det berre å gafla innpå.

Og folket fekk seg eit svært smakfullt og smilande måltid, akkompagnert av



Sildakongen Arvid Otto Sildenskiold  
Mørch varr i sitt ess då han delte ut  
sild- og makrelltallerkenar til alle.

entusiasten, som har som motto å få sild og kultur ut til folket.

Inngangsbilletten på kr. 200,- var nok noko av grunnen til det därlege frammoget. Kanskje tenkte også Sildakongen på dette då han på improvisatorisk vis gav alle publikummarane kvar sin berepose med varer for over kr. 200,- med seg heim, saman med følgande utsagn:

- Du ska dømast itte det du har delt, og ikkje det du har grove te deg.

Dei øvrige musikarane i Munor-ensemplet er Arild Halvorsen på obo og engelsk horn, og Toril Søfteland Sæbø på sopran. Gruppa likte seg godt i auditoriet og skrøytte av akustikken.



Folk koste seg rundt sildabordet. Toril Søfteland Sæbø frå Munor-ensemplet, th.

# Frukt, grønt & fiber

Kari Hetland

Folkehelseplanen for Rogaland har sat sing på økt inntak av frukt, grønt og fiber i kostholdet.

Dette er noe lærerstudent, Anette Lundervold, som er elev ved Høyskolen i Bergen, lærer avd. ville se nærmere på. Lundervold valgte derfor dette emne i sin eksamsens- prosjekt oppgave i Mat og Helse.

Dette er en del av et prosjekt av i alt 3 muler. Lundervold har med innlevering av eksamen i juni fullført 3. modul. Modul 1: Mat i læringsperspektiv med praksis på Frakkagjerd barneskole. Modul 2: Mat i kultur og forbruksperspektiv. Modul 3: Mat og samfunnsperspektiv, som Lundervold arbeider med nå.

## Smiley

Bokn Bygdablad var i kafelokalet i Coop's bygning i Foresvik på åpningsdagen 24. mars. Skoleelevene hadde fri, men det var allikevel rundt 15 som fant vegen denne ettermiddagen.

– Logoen jeg har valgt er en appelsin med smilefjes. Derfor er navnet på kafeen Smiley, sier Lundervold.

## Sunn snacksmat

Her selges salat med alle sorter frukt, nøtteblanding, solsikkefrø og linfrø. I en annen skål er kålrot, blomkål og gulrøtter kuttet opp i stenger. Dipp står ved siden av. Fiberrikt brød på fat. Oppskåret appelsin som dessert. Alle skålene er proppfulle av vitaminer.

Tema er kostholdstiltak og målgruppen er alderen 10-16 år, sier Lundervold. Jeg ønsker å ha fokus på sunn snacksmat.

## Torsdager

Planen er å ha denne kafeen hver torsdag fram til sommeren. Jeg følger skoleruta. Neste gang blir 31. mars kl. 14.15. Pris blir 25 kr. for barn og 50 kr. for voksne. Overskuddet går til barn på barnehjem i India. Lundervold vil fra gang til gang sende overskuddet til barnehjem i forskjellige land. Hun vil framover se responsen av tiltaket, og ønsket er at fra høsten er dette noe elevere selv vil drive. Elevene vil da føre videre betydningen av helse og hva inntak av frukt, grønt og fiber gjør for dem.



Anette Lundervold ønsker velkommen til Kafé Smiley i Coop's bygning i Foresvik hver torsdag fram til sommeren.



Noen av kundene på åpningsdagen 24. mars.

## Vårkonsert på skulen sundag 10. april kl. 16.00

Bokn musikkorps sin årlege vårkonsert blir denne gong ein POPKONSERT, med gjester som **The Kvednabekkjers**, **Anne Tove Øvrebø** og **Kor Henne**.

Her får du m.a. høyra

- Korps og *The Kvednabekkjers* framføra "M/S Arsbuen" saman
- Countrymusikk med Anne Tove Øvrebø og korps
- "You Raise Me Up" med *Kor Henne* og korps

*The Kvednabekkjers* og *Kor Henne* vil også ha eigne avdelingar.

I tillegg blir det mykje popmusikk arrangert for korps.

## Omsetning av eigedomar i Bokn kommune

Gnr 15, bnr 21 er solgt for kr 2.400.000 fra Sigmund Egil Stensland til Leif Arild Thorsen og Kari Pauline Thorsen

(17.02.2011)

Kyrkjebakken 27 (Gnr 10, bnr 7) er overdradd fra Harald Nygård til Åse Helen Alvestad

(18.02.2011)

Kjelde: Statens kartverk

**20-års jubileum  
for bruopninga.**

# Bokn Bygdablad for 20 år sidan

FRÅ NR. 2 1991

Nå kan me presentera  
nokre bilder frå den store  
hendinga.

Foto: Kyrre Lindanger

## BRUÅPNINGSFEST PLASSERTE BOKN PÅ KARTET

Bokn har ikkje vore slik i vinden sidan Erling Skjalgsson vart halshogd – sa festleiar Birger Lindanger i starten av den folkefesten som hadde samla bortimot 500 menneske på Bokn skule fredag den 22. februar.

Ein time tidlegare hadde bruåpninga foregått på Boknasund bru i sørvest kuling ved at tidlegare ordførarar i Bokn, Monrad Alvestad, Ingolf Kro, Sigvart Våga og Arne Øvrebø – saman med ordførar Leif Vatnaland, tidlegare fylkesordførar Lars Våge, fylkesvaraordførar Kjell Erfjord, vegsjef Chester Danielsen og formann i Tungesnes ferjeterminal Bernt Svihus hadde lempa ein robåt som sto på tvers av bruhaugen på ein tilhengar. Robåten vart etterpå kjørt tilbake til Boknatun som den museumsgjenstanden det er.

Nå er det nye tider for Bokn, og ein treng ikkje robåt for å koma over Boknasundet. Trafikkaos vart det i bruområdet då mange hundre menneske hadde stilt opp, og skulle kjøra på ein gong tilbake til festen på skulen.

Her venta folkefesten. Så å seia heile skulen var tatt i bruk, og bra var det, for på langt nær alle kom inn i gymnastikkalen kor talar, songar av og med Spurkeland/kor, revyinnslag m.m. gjekk slag i slag så lenge at folk tok til å venta på at den store marsipankaka som var laga av Julianne Våga og Johannes Nilssen skulle fortærast. Det var ei kjempestor kake som var



Mange hundre menneske hadde stilt opp då Boknasundbrua blei opna 22. februar 1991.

stor nok til at alle dei frammette fekk kake. Kaka var forma som ein modell av Bokn kommune med bruene og det heile.

Det høyrdes ut som at folk

sette stor pris på denne festen som markerte slutten på Bokn som ein øy kommune. Ikkje berre er heile kommunen blitt landfast, men dei to øyane som det bur folk på er også bundne



Julianne og Johannes Nilssen blir intervjuet i samband med den flotte kaka dei hadde laga.

saman.

Prosjektet har kosta 250 mill. kroner, eller 330.000 pr innbyggjar i Bokn. Av dette er det blitt tre store og fem mindre bruer, 600 m tunnel og 12,5 km veg.

Mange av talarane var innom temaet om å ta vare på den bygdekulturen Bokn har, sjøl om ei ny tid er begynt.

Dei som var på festen, kunne oppleve mykje bra av den bygdekulturen kommunen har. Det er ikkje alltid at importerte krefter gjer størst lukka. Det viste denne festen.

Bokn kommune vil difor takka dei som var med og gjorde arrangementet så vellukka. Mange takk til alle tilsette og elevar ved Bokn skule som gjorde eit så grundig førearbeid at alt gjekk så fint. Det var ikkje få timer som var lagt ned i dette arbeidet. Også andre kommunalt tilsette og politikarar pluss



Bokn blandakor og Jan Spurkeland (ved talatstolen) song m.a. eit spesialskrive refreg på visa til Spurkeland: Eventyret om Bokn bru. Det gjekk slik:

*Men Boknabrunā  
Det er vel krunā  
på alt me gjorde i politikk  
No hev me fått 'na  
e'kje ho flott, ka?  
Med spenn og veiar for biltrafikk*

NRK-Rogaland gjorde opptak av Spurkeland med dette nye refrenget, som er mixa inn i eigen versjon av visa på CD'en *Boknaminner*.  
Ta kontakt med kulturkontoret dersom du er interessert i denne CD'en.

andre frivillige gjorde også ein flott innsats.  
Mange takk!

På neste side finn du Olaug Hognaland sin prolog som ho las sjølv frå talarstolen.

## Minneord

**Arvid Holberg, født 12.08.1941, døde 20.02.2011, 69 år gammel.**

Han er født og oppvokst på Ørland, sammen med foreldrene Izak og Malfrid Holberg, fire brødre og to søstre. I 1966 giftet han seg med Brit Øvrebo.

Arvid startet som sjømann på utenriksfart før han begynte på Hydro, Karmøy. Her var han i nær 30 år før han gikk av med pensjon.

Han trivdes med fiske, hagen og var interessert i fotball. Arvid likte godt å gå turer, både i skog og mark og til fjells. I Sauda på hytta reiste han og Brit så ofte han hadde mulighet, og her trivdes de veldig godt.

Arvid var en snill og kjærlig ektemann, omsorgsfull og god far, bestefar og oldefar.

Han var en skikkelig arbeidskar, og selv om helsa svikta, klarte han å gjøre det som skulle til. Etter jul ble han sykere. Denne gangen ble han ikke bra igjen, og døde på Haugesund sjukehus med sine nærmeste rundt seg.

Arvid etterlater seg kone, fire døtre, to sønner, svigersønner, svigerdatter, 12 barnebarn, to oldebarn og mor.



# PROLOG VED OPNINGA AV BOKNASUND BRU

Olaug Hognaland

Når Boknafjorden er i därleg lune,  
spyler langs strender og bryt over grunne,  
Kan det vera ei ulidelig stund,  
og godt å koma inn i Boknasund.

Boknasundet, den eldgamle rute,  
skjerma frå havet som bryt der ute.  
Ved begge strender dei busette seg  
den tida sjøen var einaste veg.

Det er skrive soger og vers om trafikken  
både på langs og på tvers.  
Sagnet seier det var nettopp her  
at Erling frå Sola for si siste ferd.  
Med modige menn som mannskap om bord,  
forfylgte han fienden over Boknafjord.  
Men med all sin sjømannskap og strategi,  
før han nådde Karmsund, var alt forbi.

Per og Kari og friarturen  
er levande skildra av trubaduren.  
Dei vart nok velakta husbond og fru,  
sjøl om han var ein båtatjuv.

Og såg du ein båt med ein gut om bord,  
i medvind og motvind, med baugen mot  
nord,  
Han hadde sett seg ut ei tysværjenta,  
nå var det laurdag, nå gjekk ho og venta.  
Han gjorde seg tankar, og levde i vona,  
at ho ein gong sku' bli boknakona.  
Og dagen kom, då han gjorde ein tur,  
og kom heim igjen til si øy med si brur.

Øya oppunder Tysværstranda,  
dagleg måtte dei ro og landa.  
På sommardagar, i regn og frost,  
skuleskyss, møte, handel og post.  
Om dei på Vestre Bokn noko trong,  
dei måtte i båten endå ein gong.  
Då det endeleg var kome bru,  
det var'kje lenger nokon Ognøybu.

Dei tok til å snakka om eit eventyr,  
me trudde folk var reint på styr.  
Tenk, snakka om bru over Boknasundet!  
Me er då berre ein minikommune.  
Det var for Austre Bokn sin del,  
dei var lei av å ro, det forstod me så  
vel.

Det var både i og utanfor styret,  
som venta og trudde på eventyret.  
Me visste det var ikkje penger å få,  
men Statens Vegvesen visste råd,  
berre dei fekk ha Bokn som transitt,  
så stortrafikken fekk flyta fritt.  
Tre store bruer ville dei byggja,

skriva kontrakt på molo og bryggja.

Det er nå eit mirakel å sjå  
korleis vegarbeid kan foregå.  
At eit fjell står i vegen, er ikkje problem,  
snart ut på andre sida dei andre kjem.  
Nå ligg vegen så bein og fin  
frå eine ytterkant til hin.

Når du har lagt tunnelen bak,  
og kjem ut i den lyse dag,  
du verda for utsyn som møter ditt blikk,  
du ser då like til Kopervik.

Og så er det ikkje lange tida  
før du er over på venstre sida.  
Nokre kilometer, så jamen tru,  
sanneleg er det endå ei bru.

Innafor det trange sumdet  
vidar seg ut ein større lagune.  
Lauplandsvågen, den lune havn,  
skulle ikkje vera noko ukjent navn.  
Snart er du på Are, den nye terminal,  
Her er det ennå arbeid og bal.  
Parkeringsplassar, hus og kai,  
her går nok med både april og mai.

På andre øya dei knallar og skyt,  
boret går, og maskinane tyt.  
Om eit par år tid kan dei koma med ferje  
frå Mortavikjå til Laksaberget.  
Me andre vegen, det blir nok eit syn  
når me skal botnavegen til by'n.

Stikk imot gamal spådom og tru,  
blei det Vestre Bokn som venta på bru.  
Dei på Austre såg ikkje til noko sida,  
for dei var jo blitt fastlandsbu, må du  
vita.  
Dei smatt gjennom Håklepp som eit lyn,  
på under halvtimen var dei i by'n.  
Men heldigvis var det berre eit år,  
så kom også dagen vår.

Alt har ei bakside, også dette,  
det er noko me saknar med rette.  
"Bokn", ferja, gullhøna vår,  
kjend og kjær gjennom mange år.  
Nå vil me forlonga av dei som får 'na.  
at dei får passa skikkeleg på 'na.  
Så vil me gjerna takka dei  
som alltid gjorde turen så grei.  
Skipper og rormann i sitt bestikk,  
han med taska, ein god replikk.

Me ser med spenning mot nye år  
med betre tider for øya vår.  
Men bygdakultur og vår eigenart,  
det vil me ikkje bryta så snart.



# Bokn Internasjonale Klubb

Kjetil Hamre



**Bokn er blitt flerkulturelt så det holder.** I en tid har personer med annen nasjonalitet enn norsk vært samlet til felles møter og felles trøst.



For det er ikke bare lett å sette seg inn i norsk språk og kultur. Når vi i tillegg vet at det er dialektmalt norsk og lokale kulturvær, er det mulig for selv en innfødt nordmann å kunne bli forvirret.



## Hjelp

De håper å kunne bli en gruppe som absorberer nykommere og hjelpe dem og seg selv i en noe forvirret hverdag. De trives godt her i Norge, men at morsomme og forvirrende situasjoner oppstår er åpenbart. Her tenker gruppen kanskje å kunne bruke Bokn Bygdablad til å dele ord og lignende som de finner morsomme og tankevekkende. Dette høres spennede ut, tenker den utskremte der han nipper til kaffekoppen.



En liten bukett fra vår internasjonale gjeng, f.v. Catharina Øvrebø, Petra W. Ognay, Jenni Howell Vatnaland.



De har begynt litt forsiktig, damene med en allsidig språkprakt, men nå vil de gjerne bli mer synlige i hverdagen.

- Vi ser ikke for oss å bli noen politisk stormakt, sier de, men vi kan være til hjelp og gi råd. Først og fremst står vi på for å få til et norskurs på kveldstid i kommunen. Interesserte kan gjerne melde seg.

## 16 nasjonaliteter

Det er hele 16 nasjonaliteter, som damene vet om, på Bokn; Nederland, Thailand, Sør-

Afrika, Sveits, Fillipinene, Ekvador, Brasil, Chile, Den Dominokanske Republikk, Polen, Litauen, Tyskland, England, New Zealand, Danmark og til sist Sverige. De gjør seg i statistikken over innbyggere i kommunen. Jeg gleder meg virkelig over muligheten til et yrende kulturmiljø.

Undertegnede ønsker de driftige damene lykke til og kommer gjerne på et møte når foreningen virkelig tar av i fremtiden.



## Flott lampeutstilling på biblioteket

Jardar Havikbotn

### 10. klassingane ved Bokn skule har designa og laga sine eigne lamper.

Formingsoppgåva var å laga ei lampe, og flaglæraren deira i Kunst og Handverk, Arne Hosaas, seier til Bokn Bygdablad at som introduksjon til oppgåva fekk elevane sjá eksempel på handlagda lamper og bilde av ulike typar lamper som han hadde teke på førehand i ein lampebutikk.

I den omfattande og todelte oppgåva skulle 10. klassingane designa lampa ut frå sin eigen spesifikasjon av form og funksjon på grunnlag av skisser/teikningar dei laga sjølv i arbeidsbokene sine. Produktet skulle vera komplett med lysarmatur.

Dei skulle også velja materiale og kva dei ville legga mest arbeid i av fot eller skjerm. Elevane måtte også hugsa på å ta omsyn til



pæra si varmeutvikling, og at pæra skulle kunna skiftast. Arbeidsbeskrivelse i arbeidsboka skulle også lagast, og det skulle bereknast ein tidsbruk på 10-12 timer.

Her er det mykje kreativt og fint! Ta deg ein tur på biblioteket. Utstillinga varer fram mot påske.

# Aktiv koordinator

Jardar Havikbotn

Hanne Marte Vatnaland frå Bokn er glødande opptatt av menneske-rettigheter. I samband med den internasjonale kvinnedagen oppfordra ho ordførarar til å signera Amnesty sitt brev til President Ortega i Nicaragua.

Landet har totalforbud mot abort, innført så sent som i 2008, og kriminaliserer einkvar form for inngrep i eit svangerskap. President Ortega og partiet hans vil, i følge Amnesty sine

samarbeidspartnarar i Nicaragua, vera mot-takelege for press frå medlem av Den Fjerde Sosialistiske Internasjonalen som organiserer sosialdemo-kratiske parti verda over, og på den måten har ein linka partiet til det norske Arbeiderpartiet.

21-åringen, som er aktivitetskoordinator i Amnesty-Rogaland, tok kontakt med ordførar i Bokn, Kyrre Lindanger (Ap), som igjen oppfordra andre Arbeidarparti-ordførarar til å markera motstand mot totalforbotet i Nicaragua. Jorunn Skåden, ordførar i Sveio og Sauda-ordførar Laura Seltveit køyerde til Bokn om ettermiddagen fredag 4. mars.

## Grotesk

Ikkje lenge etter at Hanne Marte Vatnaland hadde starta med å informera ordførarane om saka, blei loven i Nicaragua kalla grotesk av Sveio-ordføraren.

- Dette er ikkje vanskeleg å ta stilling til i det heile tatt, sa Jorunn Skåden.

Laura Seltveit var også rysta av urettferda utafor landegrensene våre.

- Alle kan gjera litt, men nokon få kan ikkje gjera alt. Og det er ofte i systemene ein må gjøre endringar, meinte Sauda-ordføraren. Kyrre Lindanger var einig.

- Det er svært viktig å engasjera seg i slike saker, så når eg fekk oppfordringa frå Amnesty var eg ikkje i tvil om at fleire lokale representantar frå Arbeiderpartiet ville gjera



F.v. Sauda-ordførar, Laura Seltveit, aktivitetskoordinator i Amnesty-Rogaland, Hanne Marte Vatnaland og Sveio-ordførar, Jorunn Skåden ser at Bokn-ordførar, Kyrre Lindanger signerer Amnesty sitt brev til President Ortega i Nicaragua.

det same.

Alle ordførerne var samde om at dette var ein betydningsfull og flott sak å ta tak i rundt den internasjonale kvinnedagen.

- Det er ein dag då det er viktig å løfta blikket utover og visa solidaritet, meddelte orunn Skåden.

## Nekta behandling

Totalforbotet mot abort i Nicaragua medfører at kvinner som blir amma av livstruande sjukdommar som kreft, malaria og HIV/AIDS blir nekta behandling ettersom det kan skada fosteret.

- I mange tilfelle vil dette sei at både kvin-

na og fosteret berre kan venta på å døy, ofte mens kvinne har fleire barn heime, forklarer Hanne Marte Vatnaland.

Dei mest utsette er likevel jenter og kvinner som er ofre for incest og voldtekts. Svært unge jenter blir tvungne til å bera fram eit barn, noko som er heilt uforsvarleg både fysisk og psykisk.

- Eg vil retta ein stor takk til Kyrre Lindanger for det handlekraftige initiativet hans, og til dei andre to ordførarane frå Sveio og Sauda som tok oppfordringa på strak arm, avsluttar aktivitetskoordinator i Amnesty-Rogaland, Hanne Marte Vatnaland.

## Møte med Greater Stavanger

Tekst: Kyrre Lindanger - foto: J. Havikbotn

Som kjent ligg Bokn næringsmessig strategisk til i aksjen Stavanger – Haugesund, ikkje minst når Rogfast-prosjektet blir fullført.

For å drøfta kva fordelar bygda har i dette "næringsrommet", arrangerte Bokn kommune den 3. mars eit drøftingsmøte med folk frå Greater Stavanger, Haugaland Vekst, Haugesundregionens næringsforeining og Bokn næringsforum.

I plandiskusjonar, næringsplanarbeid og gjennom ressursstudiar peikar Bokn seg då som eit område med stort potensiale for næringsetablering og busettad i kjølvatnet av Rogfast-prosjektet. I møtet søkte kommunen innspel på kva Bokn og Haugalandet kan tilby næringslivet i Stavangerregionen, og kva regionale prosjekt som bør lokaliserast til Bokn. Som kjent har Haugalandet store arealreservar til næringsformål medan Bokn har byggeklare område som grensar til E39 og Boknasundet.

På møtet blei det drøfta i kva grad Bokn treng meir areal, om areala har strategisk plassering, behovet for sjøreal og om Bokn



F.v. Ola Saua Førland, Greater Stavanger, ordførar Kyrre Lindanger, Erik Eikje, Bokn næringsforum, Tormod Karlsen, Haugaland Vekst, Egil Severeide, Haugesundregionens næringsforening, Kåre Bua, teknisk sjef og Hans Faye, kommuneplanleggjar.

skal planlegga for store, samanhengande område eller stykkevis og delt. Det potensielle utbyggingsarealet strekkjer seg i hovudsak langs E39 og til sjø. For å opna nye areal gjennom planprosessen trengst det å dokumentera behovet for omfang og plassering, spesielt i forhold til sjønære areal.

Ola Saua Førland frå Greater Stavanger streka under at i planprosessen måtte ein våga å tenka stort nok ut frå framtidens-

prognosane for Bokn. Det viktigaste er likevel kva samfunnsutvikling kommunen ynskjer i tida etter Rogfast. Sidan denne bygda var det fyrste landområdet for dei som kom sønnanfrå, meinte han at Bokn truleg kunne bli eit avlastningsområde for stavangerregionen. Ikke minst kunne det bli slik sidan Nord-Jæren manglar ekspansjonsområde. I Rogfastsamanheng er det ikkje til å unngå at søkerlyset blir sett på Bokn og Haugalandet.

# Kulturkalenderen

Endringar og nye arr. er **utheva**.

## April

09. **Zumba på skulen, sjå bokn.no for meir info**  
10. Vårkonsert på skulen kl. 16.00, Bokn musikkorps, **sjå s. 8, bokn.no og plakatar**  
10. Bokn bedehus: Møte – Gideon kl. 19.00  
11. Bokn bedehus: Bibellesing kl. 19.00  
14. Bokn bedehus: Kontaktmøte for haustprogram for Bokn bedehus kl. 1800  
15. Kino i Auditoriet  
17. Gudsteneste kl. 11.00 - Dåpsskule/konfirmantar  
Veke 16 Páskeferie, Bokn skule  
21. Bokn bedehus: Påskemåltid – Frelsesarmeens kl. 18.00  
22. Gudsteneste kl. 11.00  
24. Gudsteneste **kl. 15.00**  
27. Basar på skulen kl. 19.00, arr. Sjømannskirken, Norsk Kirke i utlandet, avd. Bokn  
28. Bokn pensjonistforening: Møte, Allrommet kl. 17.30  
29. Kino i Auditoriet  
**30. Åpningsfest av aktivitetshall, Krovågen hestesenter kl. 15.00, sjå s. 24**

## Mai

01. Gudsteneste **kl. 19.00** - Ung messe/samtalegudst.  
08. Gudsteneste kl. 11.00 - Konfirmasjon  
13. Kino i Auditoriet  
15. Bokn bedehus: Møte – NMS kl. 19.00  
17. Gudsteneste **kl. 10.30**  
22. Gudsteneste kl. 11.00  
22. Bokn bedehus: Familiemøte kl. 16.30  
26. Bokn pensjonistforening: Møte, Allrommet kl. 17.30  
27. Kino i Auditoriet  
27./28. Overnattingstur for oppdagarane

27./28. Tur til Vågholmen for vandrarane

27./28. Leir på Blikshavn for stiftinnarane

29. Bokn bedehus: Møte – Normisjon kl. 19.00

## Juni

05. Gudsteneste kl. 11.00  
10. Kino i Auditoriet  
12. Gudsteneste kl. 11.00 i Tysværkyrkja, felles Bokn og Tysvær  
19. Gudsteneste kl. 11.00 ute i Loden, felles for Bokn og Tysvær  
24. Jonsokfeiring på Nærmiljøanlegget på Fyren, arr. Bokn KFUK-KFUM-speidara

## Juli

16. Sommarmarknad på kaien i Foresvik

## GYMSAL, KVELD - OPPDATERT MARS 2011

DAG	AKTIVITET	KL.	ANSVARLEG
Mån	Fotball G13	16.30 - 17.45	Grethe Alvestad
	Bokn skulekorps	17.45 - 20.00	Lillian Grønnestad
	Bokn Brass/RH	20.00 - 22.00	J. Havikbotn
Tys	Barnetrim	16.30 - 17.30	Catharina Øvrebo
	Friskis & Svettis	20.00 - 21.00	Anette Våga
Ons	Allidrett	16.15 - 17.00	Svein O. Alvestad
	Fotball G9	17.00 - 18.00	Grethe Alvestad
	Fotball G11	18.00 - 19.30	Grethe Alvestad
Tor	Fotball 8 år	17.00 - 18.00	Erik Våga
	Fotball J10	18.00 - 19.00	Sonja Mikkelsen
	Friskis & Svettis	19.00 - 20.00	Anne L. Faye
	Volleyball, vaksne	20.00 - 22.00	Trond Vatnaland

## Familiespeiding – noe for din familie?!

Anette Våga

Familien er i dag under et stadig press. Forskere snakker om tidsklemmen som mange familar opplever. Både barn og voksne er gjerne aktive i flere sammenhengar, og mange familar får lite tid sammen. Med skog, mark, vatn og sjø rett utenfor stuedøra er det vel ingen områder som egner seg bedre for familiespeiding enn Bokn! Familiespeiding er et KFUK-KFUM speidertilbod hvor programmet er rettet mot hele familen, og hvor voksne og barn skal "lære, lage og leke" sammen, i nærhet til naturen.

Med andre ord er familiespeiding en aktivitet som passer for alle barnefamilier, som har lyst til å være ute i naturen og gjøre noe kjekt og spennende sammen med andre, en gang i måneden. Når det er såpass sjeldent burde det også være mulig å finne tid til det, vel vitende om at tid ikke er det man har mest av når en har små barn.

Vi er ute forskjellige steder eller drar på tur sammen, brenner bål, spiser evt. lager oss noe mat eller kakao og lærer litt om naturen rundt oss, og til vanlig holder vi på ca. 2 timer.

**Har du spørsmål så ta gjerne kontakt med Svein Ove Alvestad, som er leder for familiespeideren på telefon 91354082. Vi vil gjerne at flere skal komme og bli med oss ut på tur!**

Bilder fra Speiderskogen



# Gratulerer!

**Send bilde og tekst til post@bygdabladet.no eller MMS til 98 22 15 08**



**Julie Bokneberg, 14 år 21. februar**

Gratulerer som fjortis!

**God klem fra Celina, Eskil og mamma**



**Magne Røsdal Lund, 3 år 5. mars**

Hurra for Magne, den flotte gutten vår.

**Mange gode klemmer fra Lovise og Hanna, mamma og pappa.**



**Vetle Løvereide Faye, 8 år 8. mars**

Hurra for Vetle, gratulerer med dagen!

**Knib frå farfar og farmor**



**Lovise Røsdal Lund, 2 år 14. mars**

Hurra for Lovise, den flotte jenta vår.

**Mange gode klemmer fra Magne og Hanna, mamma og pappa.**



**Lydia Ognøy, 10 år 13. mars**

Vi gratulerer Lydia så mye med 10 års dagen sin.  
Vi er veldig glad i deg.

**Klem fra mamma, pappa, Deborah og Joshua**



**Johannes Grønnestad Alvestad, 4 år 19. mars**

Hipp hurra for Johannes som blir 4 år i dag! Masse glad i deg lille venn.

**Bursdagsklem fra farmor, farfar og tante Irene**



**William Kro, 2 år 19. mars**

Me gratulerer vårt kjære barnebarn!

**Hilsen farfar, farmor + to onklar**



**Erik Øvrebø, 40 år 20. mars**

Me vil gratulera vår kjære pappa med dagen!  
Me er kjempeglad i deg alle.

**Klem fra Endre, Ole Johan og Lars Erik. Berit Merete hilser og:)**



**Lilja Bjordal Karoliussen, 2 år 20. mars**

Vår lille Memini fotomodell fyller 2 år 20 mars.  
Gratulerer med dagen til en söt og kvikk jente.

**Hilsen mormor og bessen, tante Karen, tante Ingrid og onkel Gabriel på Laupland=)**



**Malvin Grønnestad, 75 år 21. mars**

Me vil gratulere vår kjære Malvin Grønnestad med 75 årsdagen den 21. mars

**Stor klem fra Herborg, barna, svigerdatter og barnebarn**



**Vibeke Borgenvik, 25 år 24. mars**

Du å du så tiå går, tenk at Vibeke e 25 år  
Gratulera masse med dagen

**Klem fra mamma og pappa**



**Renate Eide, 15 år 28. mars**

Gratulera med dagen, håper du får ein fin dag.

**Hilsen mamma, pappa, Silje og Annelin**



**Anne Lise T. Nilsen, 40 år 28. mars**

Me vil gratulera den unge og spreke klubbvenninnå våres med 40 års dagen.  
Glede oss til laurdag!!

**Klem frå klubben**



**Audhild Sæbø, 21 år 28. mars**

Gratulera så masse med 21 års dagen din, vennen! Masse gla i deg.

**Klem fra Veronika, mamma og pappa**

# Fekk 10.000 kr.

Jardar Havikbotn

Bokn Gatebilklubb fekk ein overraskande god start på årsmøtet sitt laurdag 19. februar.

Kl. 12.00 troppa leiari i Bokn Bankråd, Svein Ove Alvestad, opp i den gamle brannstasjonen ved Kyrkjebygd kulturhus. Med seg hadde han ein sjekk på kr. 10.000, som han overrekte gatebilklubbleiar Odd Kenneth Tollaksen, til stor applaus frå andre årsmøtedeltakrarar.

Under hendinga sa representanten frå bankrådet m.a. at Bokn Gatebilklubb, med sitt kjempebra initiativ, gjer ein god jobb for ei gruppe som elles ikkje har så mange tilbod i kommunen. Han håpa sjekken ville vera med å bidra til utvikling av klubben.

## Blir lagt merke til

I takketalen sa Odd Kenneth Tollaksen at dei set veldig stor pris på at folk ser kva klubben held på med - at andre synest at dei gjer noko bra.

Klubbformannen er glad klubben har fått mykje støtte dei siste åra, og nemner pengar frå Kjekt på Bokn-prosjektet, øyremerka kulturmidlar til "garasjeprosjektet" i 2009, og Frifond-midlar (Frifond er ei støtterordning som er oppretta av Stortinget for å betra dei økonomiske rammevilkåra for demokratisk og medlemsbasert aktivitet på lokalt plan i frivillige organisasjoner som arbeider for og med barn og unge).



NØGDE UNGDOMMAR: Fv. Harald Vetrhus, Harald Trosnavåg, Andrej Dobrev, Martin Trosnavåg, Marius Sunde, Odd Kenneth Tollaksen, Andreas Ytreland Gabrielsen og Kjetil Vatnaland.

## Ikkje berre skruing

Sjølv om ein lærer mykje av å skrua ogmekka, er møteplassen, kor folk kan sitta og snakka, vel så viktig, kan Kjetil Vatnaland fortella.

- Ja, det er nesten folk her kvar kveld, skyt Andrej Dobrev inn.

Bokn Gatebilklubb har nå 20 betalande medlem, og tre til er på veg inn. Alderen er frå 16 år, eldstemann er 43. I 2009 var dei 15 stk, og leiaren gler seg over ei fin utvik-

ling.

- Me kjøpte løftekjukk rett før jul, som er veldig mykje i bruk. Me har også planar om ein bygga ein hems, så me kan stua vekk litt av det som står på golvene. Ei dør, så me slepp å opna portane kvar gong me skal inn i bygget, står også på ønskelista, så pengane får bein å gå på, avsluttar Odd Kenneth Tollaksen, som sjølv sagt oppfordrar folk som vil vera med i klubben om å ta kontakt med han.

## Forteljingar frå krigen i Bokn

på årsmøtet til Bokn historielag torsdag 11. mars

Birger Lindanger

Krigen i Bokn engasjerar framleis boknarane. I alle fall møtte det fram 22 til årsmøtet der temaet var *Bokn og krigen*.

Etter at leiaren Leif Vatnaland hadde ynskt velkommen og fortalt litt om eigne opplevingar under krigen, slapp Ruth Grønnestad og Sigvert Våga til. Dei la levande ut om både dramatiske og humoristiske sider ved krigsåra.

Ruth la særleg vekt på koss det var å leva så tett oppi kystfortet på Loden. På det meste skal her ha vore 150 tyske soldatar, 50 norske arbeidarar og 40 polske krigsfangar som tok del i oppbygginga av festninga. Fyrst blei nabohusa rekvirerte som bustad, men etter kvart kom det opp 22 brakker med ei lang rekke funksjonar.

Det blei fortalt om at tyskarane blei vasslens og om at dei, som resten av Bokn, mangla straum, om dei fire kanonane, om koss det gjekk då det blei matmangel hjå tyskarane, om tysk julefeiring, om jenter som blei venner med tyskarane, om tobakksdyrkning og svidde eter som kaffierstatning. Det blei fortalt om fly som datt ned og om miner som rak i land, om dramatikk på sjøen, om skuleborn på skogplanting som hamna midt i ei tysk skyteøving og om alt det farlege som låg att då tyskarane drog.

Etter at Sigvert og Ruth hadde fortalt si soge, slapp salen til. Også her blei det kasta mykje nytt lys over krigen i Bokn og koss folk hadde opplevd han. Me fekk også høyra



om dei fire engelskmennene som blei tekne og skotne, om skyting og heimefrontfolk som skaut på kvarandre i Kallabergvika etter krigen og om Little-Lars på Ognøy som blei send til Sachsenhausen for å ha hjelpt engelskmennene.

Elles vart både rekneskap og årsmelding samrøystes godkjende. Vala var også samrøystes:

Leiar: Leif Vatnaland  
Sekretær: Reidar Alvestad  
Styremedlem: Arne Øvrebø  
Varamedlemmar: Sigvert Våga  
Eva Brunborg  
Svendsen

Utsendingar til fylkesårsmøtet:  
Eivind Øvrebø og Olav Larsen



Sigvert Våga og Ruth Grønnestad la levande ut om både dramatiske og humoristiske sider ved krigsåra.

# Eg seie meg så

Birger Lindanger

Fyrst av alt vil redaksjonen takka Audhild Svensen Alvestad for mange og gode boknauttrykk. Nokre av dei har me også bruka her.

Denne gongen var det særleg uttrykket *å ljoga* som skapte vanskar. Fiskarane sa ofte *å ljoga sild or gadne* og meinte med det at dei skulle rista sild or garna. Og jammen var det to som greidde også dette ut-trykket.

## Så forklaringa til dei førre uttrykka:

1. å ljoga	å rista ut sild
2. å vera gjesen	å vera utett
3. å vera asen	å vera uroleg, masete
4. harráda	svært galt, skikkeleg rot
5. higra	småle
6. fløydekodla	heilmjølk som er sett til å bli sur med fløyte utsiktig på toppen
7. fenta	kvinneleg fant
8. braffa	drusen kvinne, stor og treg hoppe
9. grese	tynt, utett
10. å brønna	å gje dyra vatn

Desse orda og uttrykka var ikkje særskilt enkle. Difor var det også bare ein som hadde alt rett. Men med så vanskelege oppgåver, er det imponerande å nå både åtte og ni rette.

### Dei beste denne gongen var:

- |                           |          |
|---------------------------|----------|
| 1. Andor Borgenvik        | alt rett |
| 2. Sjukestova             | 9 av 10  |
| 3. Oddbjørg Bokneberg Øye | 8 av 10  |

Samla poengsum etter eit år er avgjerande for kven som blir den endelige vinnaren og kan ta mot billettar til cruiset.

## MÅNADENS UTTRYKK

### Kva betyr...

1. begjeven
2. ein tase
3. dauren
4. jamråga
5. eit hylkje
6. å uveda
7. forlegjen
8. eit tøkje
9. ikkje naderen
10. i baddel

Forslag til forklaringar kan leverast Bokn Bygdablad innan 10. april. Skriv då ned nr. med forklaringa bak.

### Du kan senda inn på fleire måtar:

MAIL post@bygdabladet.no

SMS 98 22 15 08

BREV Bokn Bygdablad  
Boknatur  
5561 Bokn

## Boknar i UKM

Jardar Havikbotn

Benedicte Mæland hadde med sju maleri på Ungdommens Kulturmønstring (UKM) i Tysværtunet 18. februar.

Eitt av bildene, *Watch me tease*, var med i fylkesmønstringa i Sandnes 25.-27. mars, men gjekk ikkje til landsmønstringa.

Den sjølvlærte 17-åringen, som tar Design & Håndverk på Haugaland vid. skule, har også ei side på facebook, kor ho legg ut bilde som er til sals, og oppdaterer det ho driv med.



Benedicte Mæland med dei sju maleria ho hadde på lokalmønstringa i Tysværtunet 18. februar.

*Watch me tease*

## Ny oppslavstavle

Jardar Havikbotn

Ikkje gløym Austre Bokn neste gong du skal henga opp ein plakat.

Me har ikkje så mange oppslagsstader i Bokn. Nå har Austre Bokn Bygdalag sørga for at ein også kan henga opp kunngjeringane sine på Austre Bokn utan at dei blir våte eller blæs bort.

På baksida av busskuret heng ho (**bilet**), same type som på Coop Marked Bokn i



Foresvik, laga av same person; Ottar Håland. Tilsynelatande er det god plass på

tavla, og det gjenstår å sjå kor flinke folk blir til å brukha.



## Møteplanar, kommunale styre og utval

<b>Bokn kommunestyre</b>  Stad: Allr., Boknatun 2. etg. Tid: Kl. 19.00  Tysdag 14. juni	<b>Bokn formannskap</b>  Stad: Formannskapssalen, Boknatun 1. etg. Tid: Kl. 17.00  Tysdag 12. april Tysdag 24. mai
<b>Bokn forvaltningsstyre</b>  Stad: Formannskapssalen, Boknatun 1. etg Tid: Kl. 19.30  Tysdag 10. mai Tysdag 21. juni	<b>Bokn sokneråd</b>  Stad: Bokn bedehus Tid: Kl. 19.00  Onsdag 06. april Torsdag 05. mai Onsdag 08. juni
<b>Bokn senior/brukarråd</b>  Stad: Formannskapssalen, Boknatun 1. etg. Tid: Kl. 18.00  Torsdag 28. april	Politiske møte blir gjort kjende gjennom oppslag på Coop Mar-ked Bokn og kommunen si heimeside ei veke før møtet går av stabelen.  Sakspapira blir utlagde til offentleg ettersyn samstundes i Servicetorget og Bokn bibliotek.

## Ordførarar i Holmenkollen

Tekst: Jardar Havikbotn - foto: Kjell Arvid Svendsen



**ROGALANDSORDFØRARAR PÅ PLASS I KOLLEN:** f.v. Kyrre Lindanger, Bokn, Harald Stakkestad, Tysvær, Jarle Nilsen, Utsira, Petter Steen, Haugesund og fylkesordførar Tom Tvedt.

Etter invitasjon frå Oslo-ordførar Fabian Stang, reiste Bokn-ordføraren til hovudstaden for å vera med på starten av Ski-VM.

Kyrre Lindanger meddeler at det var veldig spesielt då 340 ordførarar med kjede på opningsdagen gjekk i prosesjon ned Karl Johan, med m.a. 1.000 barn frå alle deltagar-nasjonane. Ordførar-paraden gjekk til Oslo-rådhus, der det m.a. var middag med kongen.

Dagen etterpå tok ordførarane plass på VIP-tribunen i Hol-menkollen, der dei fekk med seg sprint-konkurrsane. Med gode plassar på opplopssida blei det svært minnerikt, med skikkeleg trøkk på tribunen, spesielt då Marit Bjørgen tok gull i dameklassen.

- Kollen-brølet er absolutt noko for seg sjøl, fortel ein begeistra ordførar, som set stor pris på at ordførarane kan samlast slik i ei uformell ramme.

## Språkbesøk i barnehagen

Jardar Havikbotn

Leiar i Noregs mållag, Håvard B. Øvregård, besøkte fredag 18. mars Bokn barnehage. Besøket blei gjennomført etter initiativ frå Bokn mållag og er eit tiltak i kampanjen for å fremja nynorsk i barnehagane.

Saman med ordførar, rådmann, leiar i Karmsund mållag, Steinar Aalvik og leiar i Bokn mållag, Venevil Birkelund, blei Øvregård tatt godt i mot av forventningsfulle barn og tilsette i barneha-gen.

Leiaren i Noregs mållag stod fram som ein framifrå pedagog og barnehage-onkel då han las for barna og snakka med dei om språk og dialekt. Engasjementet var stort hjå dei minste og spørsmåla frå gjestene blei forsøkt svara på etter beste evne. Besøket blei runda av med allsong og overrekking av songbokgåve til barnehagen ved styrar Anne Ottem og aktivitetshøfter til barna.

Etter samlingsstunda blei det halde eit kort orienteringsmøte for dei tilsette ved barnehagen.



Til venstre: Leiari i Noregs mållag, Håvard B. Øvregård, stod fram som ein framifrå pedagog og barne-hageonkel. Til høgre for han: ordførar Kyrre Lindanger, rådmann Jan Erik Nygaard og leiar i Karmsund mållag, Steinar Aalvik.

### Språkstimulering

Øvregård fortel til Bokn bygdablad at bak-grunnen for den nasjonale kampanjen er eit ynskje om at barn i

Noreg skal møta både nynorsk og bokmål så tidleg som mogleg. Barna skal få høyra lo-kalt talemål, dialektvariasjon, språkleg mangfold og andre språk. Og særleg viktig er det at dei som skal ha nynorsk opplæringsmål, møter sitt eige språk i eit omfang

som gir dei språkleg sjølvtillit så tidleg som råd i møte med bokmålsdominansen i stor-samfunnet.

Målgruppa for kampanjen er barn, foreldre, tilsette i barnehagen, administrasjonen og folkevalde i kommunen. Desse er, i tillegg Øvregård, dei viktigaste premissleverandørane for kva språkstimulering barna møter. Kampanjen varer fram til april 2012.



# Soknerådsval i Bokn 2011

Svanhild Alvestad



På same vis som det vert vald nytt kommunestyre kvart 4. år vert det og vald nytt sokneråd. I samband med forliket om høve staten og Den norske kyrkja er det gjort ein del endringar. Forliket la opp til at det skulle gjennomførast ein demokratireform i kyrkja. Stortingsmeldinga legg opp til at:

- det skal etablerast reelle valgmuligheter
- det skal vera auka bruk av direkte val
- kyrkja skal ha val samstundes med offentleg val

Ved sist val vart sokneråds-medlemmene valde for berre 2 år slik at soknerådsval skulle verte saman med valet av kommune-styre.

Eg vil opplyse om kva kyrkjelova eigentleg seier om soknerådsvalet. I reglar for val av

sokneråd heiter det i §6:

*Valget foregår som forholdstallsvalg eller flertalsvalg. Dersom det bare foreligger en godkjent kandidatliste, gjennomføres valget som flertallsvalg. Er det flere kandidatlister, gjennomføres valget som forholdstallsvalg.*

Dette tyder at det er fritt for å kome med fleire lister til valet. Alle lister skal godkjennast av soknerådet, og det er sjølvsgaht krav til at kandidatane er villige til å stå på lista og at dei er medlem av Den norske kyrkja, og over 18 år. For at ei liste skal verta godkjent må den vera underskriven av 10 medlemmer, og skal setjast opp i prioritert rekkefølge. Den må vera komen til soknerådet innan 1. mai 2011.

Soknerådet oppmodar innbyggjarane i Bokn

til å engasjere seg i soknerådsvalet, anten det nå gjeld å stille med liste eller sjølv å stille på liste. Soknerådet oppmodar og innbyggjarane til å nytte seg av røysteretten sin. Ved soknerådsvalet vil dei som fyller 15 år i 2011 og er medlem av kyrkja ha røystrett. Ein vil kome attende med fleire opplysningsar om valet, blant anna om kor og korleis ein kan førehandsrøyste.

**Har nokon spørsmål som gjeld valet ta kontakt med kyrkjeverje Svanhild Alvestad.**

## Kyrkjevalet 2011



## Kyrkjeverja informerer

Svanhild Alvestad



Eg har registrert at det nå er fleire gravsteinar som ligg nede på kyrkjegarden. Eg er nokså trygg på at dette ikkje skuldast hær-verk men derimot at det i vinter har vore ganske mykje tele i jorda. Det kan og vere at nokre av gravsteinane ikkje er festa forskriftsmessig. Kombinasjon av desse tinga kan nok føre til at steinane vert velta.

For at lesarane av Bokn Bygdablad ikkje skal vere i tvil om kva lover som gjeld, refererer eg frå forskriftene til gravferdslova:

### § 23. Dimensjonar

Gravminne skal ikkje vere høgare enn 150 cm, breiare enn 85 cm og tjukkare enn 60 cm, avgrensa slik at største høgde x største bredde x største tjukkelse ikkje overstig 0,2m3 og vekta ikkje overstig 300 kg. På graver mindre enn 2,4 x 1,2 m skal gravminnet ikkje vere høgare enn 80 cm, breiare enn 75 cm og tjukkare enn 60 cm, avgrensa slik at største høgde x største bredde x største tjukkelse ikkje overstig 0,1m3 og vekta ikkje overstig 150 kg.

Når særlege grunnar tilseier det kan bispedømmerådet fråvika bestemmelsane i denne paragrafen.

### § 24. Sikring

Ståande gravminne i Stein skal festast til

fundament i Stein med **to 15 cm lange og 12 mm tjukke syrefaste boltar**.

Fundamentet skal ha ei form og ein storlek som forhindra at gravminnet kan veltast, og skal ha ei annleggflate i botn som er dobbelt så brei som gravminnet si tjukkelse. Gravminne som er meir enn 60 cm høgt skal ha fundamentdjupna på minst 20% av høgda til gravminnet som er over bakken. Fundamentet skal ikkje vere synleg over bakken.

Når særlege grunnar tilseier det, ka kyrkjeleg fellesråd skjerpe eller lempe krava etter denne paragrafen

### § 25 Godkjenning

Kyrkjeleg Fellesråd (i Bokn soknerådet) skal godkjenne gravminne og fundament **før** dette blir sett opp på kyrkjegarden. Gravminne skal plasserast på tilvist plass.

### § 26 Ansvar

**Eigaren** har ansvar for at gravminnet ikkje er i forfall, til sjenanse eller til fare for dei som ferda på kyrkje-garden. Når fellesrådet finn det nødvendig, skal eigaren varslast med pålegg om å få gravminnet i samsvar med dei krav ein finn i forskrifter og vedtekter. Dersom eigaren ikkje etterkjem slikt pålegg eller det er uvisst kvar eigaren er, kan

fellesrådet setje i verk tiltak som er nødvendig for å få gravminnet i orden, og om nødvendig fjerna det.

Som ein ser er det eigar som har ansvar for steinane. Eg veit at det er sett opp mange gravsteinar utan å vera godkjente av soknerådet. Alle som sel gravsteinar skal vere kjent med lover og reglar, men dessverre er det ikkje alle som fylgjer dette. Difor trur eg det er mange gravsteinar på Bokn kyrkjegard som ikkje er bolta på forsvarleg måte. Eg vil oppfordra alle til å ta seg ein tur på kyrkjegarden og sjekke om steinane ein har ansvar for er festa på forsvarleg måte. Om dei ikkje er det, vil eg anbefala at de tar kontakt med det firmaet som leverte steinen og be dei om å feste på forsvarleg måte. Eg gjer merksam på at soknerådet **ikkje** har tilsette som kan utføre dette, og at tilsette i kommunen ikkje har noko ansvar for dette.

Soknerådet kjøper tenester hos kommunen til klypping på kyrkjegarden.

**Er det nokon så lurer på noko så ikkje ver redd for å ta kontakt.**

Svanhild Alvestad  
kyrkjeverje

## Moloen tar form

Tekst: J. Havikbotn - foto: K. Lindanger

### Arbeidet på moloen i Hålandssjøen starta opp igjen 21. mars.

Det er masse frå T-sambandet som Oslo-firmaet AF Anlegg via Statens Vegvesen bygger med. Det skal brukast 25.000 m<sup>3</sup>, og då skal moloen vera forlenga 70 m nordover frå der han er i dag.

Arealplanleggar i kommunen, Hans Faye, fortel til Bokn Bygdablad at i løpet av sommaren skal moloen vera fylt opp til kote minus 3. Det vil seia at det då vil mangla 5 m i høgda. Når det resterande arbeidet skal gjerast er ikkje bestemt enno.



- Det er planen at moloen skal gi 40 båt-

plassar, avsluttar Hans Faye.

# Helseteam for eldre

Jardar Havikbotn

**Temakvelden om helsefremmande arbeid blant eldre på skulen 3. mars samla full gymsal. Det blei ein svært informativ og effektiv kveld.**

Heile tre og ein halv time var sett av til kveldsseminaret, som inneheoldt åtte foredrag. Ikkje rart at konferansier Sigmund Hansen hadde stoppeklokke med seg. Han hadde full kontroll på arrangementet, som også hadde tilhøyrarar frå Haugesund, frakta med organisert busstransport.

Tidlegare sjukepleiar gjennom fleire år i Bokn, Laila Nemeth, er styreleiar i Helse-torgmodellen og snakka om denne, før kommuneoverlege i Bokn, Dag-Helge Rønnevik presenterte Helseteam for eldre, der han er prosjektleiar.

Overskriftane blei så Samhandlingsreformen og Helsefremmande arbeid blant eldre, og kommunaldirektør i Haugesund, Sissel Hynne og Bokn-ordførar Kyrre Lindanger hadde sine innlegg.

I matpausen var det korsong med *Kor Henne* frå Kulturskulen, og Kjetil Hamre viste og las eigne bildedikt.

Del to starta med at ernæringsfysiolog Marianne Wennersberg snakka om ernæringssvikt før lege Anne Grimstvedt Kvalvik tok for seg falltendens. Kvelden gjekk mot slutten, og hovuda var proppfulle med informasjon. Då kom farmasøyt Steinar Vik inn som eit friskt pust, lett provoserande i ein kvikk tone, og la ut om medisinbruk.

Siste overskrift på programmet var hukommelsessvikt, som demensteamet i Tysvær kommune tok seg av.

Det imponerande og effektive programmet blei arrangert av Bokn kommune, Helse Fonna, Haugesund kommune og Høgskolen Stord/Haugesund.

Takk til Santiago Vatnaland for teknisk assistanse!



Stor oppslutning om temakvelden 3. mars.



Steinar Vik i engasjerande innlegg om polyfarmasi.

## Trim for eldre

Tekst: Anne Elisabet Askeland - foto: Jardar Havikbotn

**Eit etterlengta tilbod med flott oppmøte første gong!**

Det hadde kome ein for øyra at mange eldre i Bokn ynskte å få bevega seg noko meir, ja kanskje rett og slett trimma litt. Praten gjekk og etter nokre rundar med dei rette vedkommande, vart ein einige om å gå i gong med trim for eldre.

Regien for opplegget som er satt opp fram til sommaren 2011, er det sjukepleiar og Friskis- og Svettis-instruktør Anette Våga samt aerobic-instruktør og folkehelsekoordinator Anne Elisabet Askeland, som har.

Som biletet syner var oppmøtet svært godt denne første gongen. Med utgangspunkt i roleg, men fengjande musikk fekk dei fram-møtte bevega seg, tøya og boyta, dei fekk fart på blodssirkulasjonen og sist, men ikkje minst: Smila var mange, lune – og gode. Etter vel ein halvtimes tid med trim runda ein av.

På veg ut av lokalet kommenterte fleire av dei frammøtte at eit trimtilbod som dette,



Frå Trim for eldre torsdag 3. mars.

var etterlengta. Instruktørane oppmoda alle om å informere andre om tilboden; dette for om mogleg å kunne bidra til at enno fleire får bevega seg noko og for at enno fleire får anledning til å ta del i eit tilbod som også har verdi i eit sosialt perspektiv.

**Instruktørane ynskjer velkommen til trim**

**for eldre torsdagar kl. 10.30 -11.00 på all rommet, Boknatun.**

Tilboden passar for både kvinner og menn, men det er verd å notere seg at det parallelt vert jobba med å få på plass eit tilbod som i enno større grad rettar seg mot menn; meir informasjon om dette seinare.

# Ny MOT-avtale for Bokn kommune

Kyrre Lindanger

**Onsdag 16. mars signerte tre Haugalandskommunar avtalen som gjorde dei til Lokalsamfunn med MOT. Tysvær og Bokn har reforhandla og vidareførar sine avtalar, medan Sveio er nytt medlem i MOT-familien.**

Kommunestyresalen i Tysvær rådhus var fylt opp av MOT-ungdommar frå dei tre kommunane, lokale MOT-leiarar og MOT-koordinatorar frå alle tre kommunane. Også MOT-informatør Frans-Gisle Hansen og regionleiar i MOT Unn IIseng var til stades då ordførarane og rådmennene i Bokn, Tysvær og Sveio signerte avtalane.

Bokn kommune har brukt MOT-undervisning i Bokn skule heilt sidan organisasjonen blei etablert i 1997. Bokn kommune blei offisielt M O T - k o m m u n e i 2 0 0 1 . MOT sitt skuleprogram blir framleis brukt i Bokn, og i løpet av eitt år får ungdomstrinnet besøk av MOT sin informatør omlag 10 ganger. Gjennom desse besøka blir boknaungdommen bevisstgjort det å ta eigne val, ta vare på kvarandre og visa mot.

Gjennom MOT ynskjer Bokn kommune å bidra til eit varmt og trygt ungdomsmiljø der ungdom gjer kvarandre verdifulle og ulikskap blir akseptert. Vår MOT-informatør, Frans Gisle Hansen, har vore sær aktiv i dette arbeidet heilt sidan MOT blei etablert. MOT er ein haldningsskapande organisasjon



**Ordførar og MOT-leiar i Bokn, Kyrre Lindanger tar i mot signert avtale frå regionleiar i MOT, Unn IIseng. Ordføraren hadde med seg Henriette Jøsang (t.v. for han) og Tommy Grønnestad t.h. frå Bokn skule.**

Foto: Ingvild Sjo, Tysvær Bygdeblad

som jobbar for og med ungdom og har som mål å bidra til å skape robuste ungdommar og trygge ungdomsmiljø.

MOT har ein heilskapeleg modell for korleis lokalsamfunn kan jobba saman med ungdom. Heilsakpsmodellen består av program i ungdomsskulen, vidaregåande skule og på ungdom sine fri-tidsarenaer. Gjennom ung til ung-formidling, øvingar, historiar, dialog og rollespel blir

ungdom bevisstgjort det å ta eigne val, ta vare på kvarandre og visa mot.

MOT har omlag 23 årsverk og organiserar 3700 medarbeidrarar som driv MOT-arbeidet i lokalsamfunna.

Organisasjonen blei starta av norske toppidrettsutovarar i 1997, mellom anna av skøyteløparane Atle Vårvik og Johann Olav Koss.

## God Bokn-reklame

Jardar Havikbotn

21. mars kunne folk sjå ein lang filmsekvens frå Føresvik og Boknasundet, då den populære Reality-serien 71 grader Nord sendte episode 3 på TVNorge.

Opptaka blei gjort grytidleg 11. september i fjor, og ingen boknarar var å sjå på opptaka.

"**Norskekysten**"

Men det blir det garantert til hausten då NRK skal senda serien til Dag Lindebjerg, som saman med fjernsynsteamet sitt besøkte Bokn 11. august 2010, på ferda si frå Grense Jacobselv til Lindesnes.

**Gled dykk!**



## Innbrot framleis under etterforskning

**Innbrotet på Bokn bedehus natt til 16. desember i fjor er ikkje henlagt.**

Atle Thorbjørnsen ved Tysvær lensmannskontor seier til Bokn Bygdeblad at ein person er sikta i saka. Denne personen skal ha møtt andre personar i Aksdal innbrotsnatta, køyrt sørover att og brote seg inn hjá Pedersen Logistikk i Slåttevik. Personane er haugalendingar.

Sistnemnde innbrot er oppklara, medan ugjerninga i bedehuset framleis blir etterforska. Her er heller ikkje tjuvgodset kome til rette.

Formann i Bokn bedehus, Leiv Våga, fortel at verdien på det som blei stole var 26.000 kr., m.a. høgtalaranlegg og anna elektronisk utstyr, verkty, kaffitraktarar og gardintrappar.

Bokn bedehus har fått nytt utstyr på plass.



**Gjerningspersonen tok seg inn gjennom kjøkkendøra i fyrste etasje.**

# Bokn legekontor vokser

Dag-Helge Rønnevik

Bokn legekontor fikk i 2011 midler til innkjøp av blant annet ny GU-stol (til gynekologiske undersøkelser). Denne er nå montert og klar for bruk. Som en del av den kontinuerlige oppgraderingen og utviklingen av legekontoret har vi slått ut en vegg på skadestua og utvidet denne med det som før var et lite lagerrom. Her er den nye GU-stolen nå plassert. For at ikke våre kvinnelige pasienter skal være nødt til å dra til Haugesund og spesialist hver gang de trenger en underlivsundersøkelse har vi nå gjort denne investeringen. Vi utfører vanlige undersøkelser og tar også celleprøver. Vi tar også andre prøver dersom det er mistanke om infeksjoner, sopp osv.

En underlivsundersøkelse er noe de fleste kvinner gruer seg litt til. For å få til en god undersøkelse er det viktig at pasienten klarer å slappe av og være komfortabel med situasjonen. Derfor er vi glade for å ha fått en topp mo-



Sykepleier Anne Lise Nilsen med den nye GU-stolen.

derne stol til Bokn legekontor og benytter anledningen til å minne alle kvinner i aldersgruppen 25-69 år om å få tatt celleprøve hvert 3. år.

## Over 500

Vi kan samtidig informere om at antallet pasienter på dr Rønneviks fastlege liste nettopp passerte 500. Dette har vært en milepæl for oss etter at vi startet opp driften for 3 år siden. Det er så vidt vi kjenner til svært lenge siden det var så mange pasienter på Bokn legekontor. Vi tar dette som en tillitsbekræftelse og stadfester at neste milepæl er 600 pasienter.

De som ønsker å bytte fastlege kan gjøre det på [www.helfo.no](http://www.helfo.no) eller ringe fastlegetelefonen 810 59500.

## Velkommen til Bokn legekontor!

Hilsen oss på legekontoret

# Fyrverkeri i auditoriet

Kjetil Hamre

1. mars kl. 19.00 var 15 personer samlet i Auditoriet på Bokn. Det var en klar majoritet av kvinner, men det svake kjønn var også representert.

Det var en forventningsfull stemning i luften og det skulle vise seg at vi ikke ble skuffet, fyrverkeriet ble nemlig avfyrt tidlig i løpet av foredraget og det varte til siste slutt.

En engasjert Liv Gade, Norges eneste bokinspirator, løste oss gjennom noen av hennes favorittbøker for tiden. Det var mange ulike kategorier og et godt geografisk spenn på bøkene. Ispedd



med anekdoter og sitater løset hun oss gjennom kvelden. Bøkene hun presenterte kan skaffes via vår eminente bibliotekar Linda Ognøy.

Kvelden ble avsluttet med en uformell stund i biblioteket.

La oss håpe Liv Gade hadde en like givende kveldsstund som oss.

*- En bokelsker går aldri til sengs - alene, god fornøyelse!*

**Liv Gade**



- Sofi Oksanen:  
Greg Mortenson:  
Simon Mawer:  
Marie-Sabine Roger:  
Heather Gudenkauf:  
Jennifer Cody Epstein:  
Allison Pearson:  
G.G. Musso:  
Ann Syrehn Tomasevic:  
Cecilia Samartin:  
Krim, Ingrid Elfberg:  
Krim, Jan-Erik Fjell:
- Utreksnking (Oktober)  
Tre kopper te (Gyldendal)  
Glassrommet (Dinamo)  
Å teller duer (Pax)  
Vekten av stillhet (Vendetta)  
Maleren fra Shanghai (Front)  
Jeg fatter ikke hvordan hun får det til! (Kagge)  
Etterpå (Pantagruel)  
Glass og Aske (Gyldendal)  
Senor Peregrino (2006) Juritzen  
Drømmehjertet (2008)  
Salvadorena (2009)  
Mofongo (2010)  
Mofongo - mat for sjelen (kokebok)  
Se til meg som liten er (Silke)  
Tysteren (Juritzen)

## Har du avlagde kler, sko og leiker?

Kunne du tenkje deg å gi dei til eit godt føremål?

Me har innsamling på Kyrkjebygd kulturhus, i Petra/Artep sine lokale, kvar onsdag kl. 16-20.

Du kan levere i berepose eller i bossekk, og alt må vere reint og heilt.

For at det skal kome fram til dei som treng det, ber me om kr. 10,- for ein berepose, og kr. 50,- for ein bossekk.

Vil du gjerne levere noko frå deg, men har ikkje moglegheit ein onsdag? Ring ein av oss, så kan me avtale ei anna tid og dag.

Innsamlinga er i samarbeid med THK-stiftinga på Karmøy - [www.thk.no/](http://www.thk.no/)

Annette Bokneberg (91 32 82 58) og Elisabet Taraldlien (40 41 65 15)



# BYGDESERVICE

BOKN BYGDESERVICE BA

5561 BOKN - Tlf: 52 74 81 65

Har du noko arbeid du skulle ha gjort, vedlikehald, vaktmeistertenester m.m.

Spør oss!

Tlf. 99 51 39 72 - 52 74 81 65

## KLIPPING

Treng du hjelpe til klipping? Eg kan gjera jobben for deg.

Ring Endre på tlf. 94781916 eller 99313736

Kvartdagar etter kl. 16.00 - Laurdag og sundag heile dagen - Pris kr. 100 pr.time

## Båndtvang heile året



Ein lesar er lei av hundar i hagen, og det er på sin plass å minna om båndtvangen i kommunen.

## Kulturstipend til Janne Elin Vatnaland

På Coop Haugaland Bokn Krets sitt årsmøte 15. mars blei det delt ut eit kulturstipend på kr. 5.000 til Janne Elin Vatnaland. Styreleiar i Coop Bokn, Olav Rossebø, seier til Bokn Bygdblads at dette stipendet blir delt ut årleg, og i fjar var det Benedicte Mæland (**sjå s. 17**) som fekk det.

Løpefantomet Janne Elin Vatnaland satsar nå på full-maraton, og er påmeldt både til Oslo Maraton i september og verdas største maratonløp, New York Marathon i november.

Bygdbladet gratulerer med stipendet og ønsker lukke til med forberedingane.

## Innskriving av elevar

til 1. kl. i Bokn for skuleåret 2011/2012

Velkommen til innskriving for 1. kl. 2011/2012 på Bokn skule **fredag 29. april kl. 09.00**.

Alle barn i Bokn som er fødde i 2005 eller før, og som ikkje har byrja i skulen, skal etter §2-1 i Opplæringslova skrivast inn.

Det kan innvilgast utsett skulestart med eitt år etter søknad frå foreldra/foresette. Likeeins er det høve til å søkje om framskoten skulestart med eitt år dersom barnet fyller 5 år innan 1. april 2011. Avgjerd om utsett eller framskoten skulestart skal takast etter sakkunnig vurdering frå PPT.

Søknadsfrist for begge er 15. mai 2011.

Det vert sendt ut innbyding til kvar elev med fleire opplysningar om innskrivingsdagen.

Velkommen til Bokn skule!

**Med helsing  
Ingjerd Ellingsen  
rektor**



# COOP MARKED BOKN



## Mandag til fredag: 09.00 - 18.00

## Lørdag: 09.00 - 16.00

## Drivstoff hele døgnet - kortautomat

Bokn Plast AS er etablert i Føresvik i Bokn Kommune og er en av norges ledende produsenter innen glassfiberarmerte produkter.  
Våre produkter levers til offshoremarkedet, opprett- og byggebransjen.

Da en av våre mekanikere skal ut i pensjonistenes rekke trenger vi ny

## Verkstedarbeider/mekaniker For snarlig tiltredelse!

Hva vektvegger vi hos de som søker?

- **Pålitelig**
- **Kreativ**
- **Selvstendig**
- **Gode samarbeidsevner**
- **Har mekanisk bakgrunn**
- **Kan sveise (Stål/Aluminium)**

Arbeidsoppgaver:

Vedlikehold av maskiner og utstyr som:

- Luftverktøy*
- Sprøyter*
- Sveisning*

*Vi tilbyr konkurransedyktig betingelser, energisk arbeidsmiljø, varierte oppgaver og flexibilitet.*

*Samarbeidsvilje samt evne til å arbeide selvstendig og ta ansvar er egenskaper vi mener vil passe inn i ett godt og uformelt arbeidsmiljø.*

Tiltredelse; Snarest, 6 mnd prøvetid.

Skriftlig søknad ved fremmøte senest innen 15.04.2011

Kontaktperson:

Jan Inge Surnevik: 93016519



Krovågen hestesenter inviterer til åpningsfest lørdag 30. april

I samarbeid med Kjekt på Bokn inviterer hestesenteret i Kro små og store til en markering av den nye aktivitetshallen for ridning og klatring lørdag 30. april **kl. 15.00**.

Ordfører Kyrre Lindanger skal på noe utradisjonelt vis stå for den offisielle åpningen.

- ◆ **Demonstrasjon av proff-klatring**
- ◆ **Informasjon om folkehelse-prosjektet**
- ◆ **Konsert med The Kvednabekkjers i hallen**
- ◆ **Ponnyridning for de minste**

Går alt etter planen blir det også servering av Bokns absolutt lengste sjokoladekake.

**Fri adgang - begrenset mulighet for parkering - kom gjerne på sykkel!**



Klatreveggen inne i aktivitetshallen.



# 4.000 kroner i skattelette og bankens beste rente!

BSU er det beste sparetilbudet for deg under 34 år. Med sparing i BSU får du både høy rente og skattfordeler. Spar inntil 20.000 kroner pr. år og få inntill 4.000 kroner i skattelette.

Les mer og start sparingen på [www.sr-bank.no/bsu](http://www.sr-bank.no/bsu).



## Næringsliv

### Bokn & Tysvær begravelsesbyrå

#### Utleige av minigraver 2500 kg

Pris døgn	kr. 1.000,- + mva
Pris veke	kr. 5.000,- + mva
Pris pusseskuffe	kr. 150,- + mva
3.500 kg hengar, døgn	kr. 400,- + mva

**Kontaktpersoner:**

John Magne Lie	909 24 964
Kjell Frode Lie	907 83 797



Velkommen til en velvære-time på Hårsmiå

Har åpent hver dag,  
lørdager om jeg er hjemme

52 74 86 47 / 46 44 29 20

Med vennlig hilsen  
Mona på Hårsmiå



### FRISØRROMMET PÅ BOKNATUN

Mine åpningstider er  
tirsdag t.o.m. fredag.

Partalsuker: kl. 09–16

Oddetallsuker: fleksible åpningstider

Hilsen fra Anita

99 32 55 34 - 52 74 85 34



Bokn bibliotek

Åpningstider:

Mån.	16.00 - 19.00
Tys.	09.00 - 13.30
Ons.	16.00 - 19.00
Tors.	09.00 - 13.30

## Div. tenester på Boknatun, m.m.

### BOKN LEGEKONTOR

Kvar tysdag og fredag samt onsdagar i partallsveker.  
Åpningstider 08 – 15.30.  
Telefontider 08-11 og 13-14.  
Telefon 52 75 25 40.

Ved behov for øyeblankeleg hjelp, ring Bokn Legevakt 52 74 85 22 (heile døgnet).

Ved livstruende tilstand, ring 113.

Timebestilling på internett eller SMS, sjå www.bokn.no for meir info.

Lista blir fylt opp, men det er framleis ledig kapasitet!

Dag-Helge Rønnevik - lege

### DAGSENTERET

Ope kvar torsdag kl. 10.00 - 14.00.  
Treng du skyss, blir du henta på døra.  
Nye brukarar blir spesielt ønska velkomne.  
Påmelding på tlf. 93 09 39 98  
**Mariann Skjelde - aktivitør**

### LANDBRUKSKONTORET

Kvar torsdag kontordag på Boknatun kl. 9.00 – 12.00.  
Direktenr. 52 75 25 13  
Avtale etter kl. 12.00 må gjeraast særskilt.  
Kan treffast på rådhuset i Tysvær andre vekedagar, tlf. 52 75 71 75  
**Bjørn Bruaset - jordbruksjef**

### HELSESØSTER

Helsestasjonen er open måndagar, onsdagar og fredager kl. 8-15.30 -  
Tlf: 52 75 25 43

Du kan ellers kontakta Henriette på mobil 46 93 69 65

**Henriette S. Lindanger - helsesøster**

### NAV BOKN

Kontortid kl. 9.00 – 14.30  
Telefontid kl. 8.00 – 15.30

Kundesenteret: tlf. 815 81 000

**Unn A. Mustaparta - leiar**

### JORDMORTENESTA

Jordmor vert å treffa på fysioterapirommet mandag i oddetallsuker.

Du kan kontakta jordmor Bodil på tlf. 40 41 12 61  
Timebestilling: Ta kontakt på helsestasjonen!

**Bodil Ljones Auestad - jordmor**

### SERVICETORGET

Tlf.: 52 75 25 00 kvar dag 08.30– 15.00

**Me kan t.d. hjelpe deg med:**

- generell informasjon om ulike tenester
- kontakt med rett saksbehandler i kommunen
- utdeling av skjema
- utleie av kommunale lokaler eks. bustader
- informasjon om utval, møter og dokumenter
- endring av skattekort
- utfylling og innlevering av flytteskjema
- innlevering av selvangivelser og kontakt med likningskontoret
- bustøtte – Husbanken
- økonomisk gjeldsrådgivning
- innsyn i kommunens dokumenter/arkiver
- sal av bygdabøker, boknasenn, krus, m.m.
- kopiering

**Direkte nr.: 52 75 25 10 - 52 75 25 11**

**E-post: post@bokn.kommune.no**

### BOKN FYSIOTERAPI

Onsdag og torsdag og enkelte mandagar.  
52 75 25 33 - 91 61 23 91  
Ta kontakt for avtale.  
Smerter i muskler og ledd? Ta direkte kontakt.  
**Geir Austvik - fysioterapeut**

### VENNEKJØRING

Er du pensjonist/uføretrygda og treng skyss til å komma deg frå ein stad til ein annan? - t.d. til lege, ulike tilstelningar, handla på butikken, m.m.

For å avtala tid, ring **94 14 47 35** - helst dagen før eller lengre tid på førehand.

Dei som brukar tenesta betaler til sjåføren.

**- Kr. 3,50 pr. km + kr. 0,50,- pr. km for kvar ekstra passasjer.  
- Minstepris kr. 100,-**

### BOKN FOTTERAPI

Fotklinikken er stengt i omlag to månader.

Eg beklager overfor kundene mine ulempene dette måtte medføra, og vil gi beskjed når eg opnar att.

**Rita Bokneberg - fotterapeut**



# Vellykket karneval!

Anette Våga



**DIABLOKUNSTNERE:** Olav Eikje,  
Johannes Teistedal Vikre og Bård Helge  
Rossebø.



**Det var mange flotte kostymer å se fredag den 25. februar da Friskis & Svetts arrangerte karneval for andre gang, i gymsalen på skulen.**

Kreativiteten var også dette året stor blant de ca. 70 som møtte. Sjørøvere, klovner, prinsesser, hekser, spøkelser, sheriffer, et skjelett, en postkasse, batman, pippi og til og med julenissen var å se!!!

Etter en fantastisk åpning med diabolkunstnerne fra Tysvær, var det i løpet av kvelden både limbokonkurranse, "katta ut av sekken", dans og annen lek og moro. Etterhvert ble det også servert pølser i brød, "vampyrblod", "rottegift", "heksebrygg", chips, kaffi og kaker.

Supert var det at Elisabet Taraldlien stilte med stø hånd, farger og pensel og sørget for mange flotte fjes til de som ønsket det.

Selv om noen ble skuffet over at ikke spåkona var her dette året, gjorde spøkelsestunnelen sitt til at stemningen ble både skummel og høy nok under festen!!!

Knallkjekt å feire karneval, det synes både store og små!!




## Møteplass for kultur og læring

Jardar Havikbotn

**Bokn bibliotek, som i fleire år har hatt utlån og besök i landstoppen, har også blitt ein populær møteplass på måndags ettermiddag.**

Det skulle visa seg at prøveordninga i 2010 med ope bibliotek kl. 16-19 kvar måndag blei ein suksess, og var med å bidra til at det totale utlånet for 2010 auka med 17,6% frå året før. Utlånet var på 13.103, som tilsvarer 15,76 pr.innbryggjar. Dette er langt over landssnittet (tabell).



### Knutepunkt

Måndag ettermiddag er ei aktiv tid med m.a. korps, gitarundervisning og barnekor. Ofte kjem ventande foreldre innom ein tur på biblioteket, som då i tillegg til å by på utlån, drøs og ein kopp kaffi, sparer dei for ein ekstra køyretur.

Biblioteket hadde også i 2010 ope måndagar i skuleferiane, med unntak av to veker i sommerferien.

I fjor hadde biblioteket 8.784 besök, 10,57 pr. innb. (Snitt i Norge 2009 var 4,6.)

### Mykje meir enn bøker

Biblioteket er som kjent eit kombinasjonsbibliotek, og skule og barnehage er flittige brukarar. Klassane i småskulen brukar ofte fleire timer i veka på biblioteket. Barnehagen kjem i små grupper frå dei minste til dei eldste.

Biblioteksjef Linda Ognøy, som har ei stilling på 62%, fortel at lokalet ofte blir brukt til eit oppholdsrom med ulike aktivitetar. Og ungane kosar seg blant bøker, lydbøker, film, dataspel og tidsskrift.

Tida då folk måtte vera musestille på eit bibliotek er for lengst forbi.

Fra dei andre aktivitetane i 2010 kan nemnast speldagar saman med Petra Fritidsklubb, der den eine var markering av Nordan disk speldag. Markeringar var det også av Verdas bokdag og Bamssedagen. Eit samarbeid med speidaren, forfattarbesök og fem barnetimar blei det også i fjor, samt førjulskos for Dagsenteret og utdeling av bøker til eitt- og toåringar, eit resultat av samarbeid med helsestasjonen.



God stemning om ettermiddagen måndag 21. mars, frh. Åse Helen Alvestad, Kristin Eide, Annette Bokneberg (bibliotekar) med Lisa-Ayne Tesfaye Lundervold delvis skjult bak, Martine Hesthammer (med lue) og med Madelene Knutsen bak og tv. Torny Rossebø.



Biblioteksjef Linda Ognøy les for, fv. Ole Johan Øvrebø, William Nilsen Alvestad, Sigvart Nathan Våga og Andreas Alvestad.

Det siste minner om at biblioteket har brukarar i alle aldre, frå eitt til over 90 år.

### Ressurskrevande

Biblioteket har ope 21 timer i veka. Den store aktiviteten medfører at bibliotekfaglege oppgår, planlegging, registrering, innkjøp, oppdatering av biblioteksystemet, heimesider og vedlikehold av samlinga får begrensa med tid med dagens ressurser.

I følge Bokn kommune si årsmelding for 2010 ser rådmannen at det kan vera grunn til å sjå på bemanninga opp mot dei gode resultata biblioteket har, og vurdera om biblioteket bør styrkast ytterlegare.



Gøy på biblioteket, synst fv. Hannah Sudmann Bannister og Kristine Vågen Alvestad.